



AF Decom  
Innspurten 15, Postboks 6272 Etterstad,  
0603 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3781 - 16/7909

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
18.03.2016

## Ferdigattest for saneringsarbeid - gbnr 99/27 og 99/31 Våge

### Administrativt vedtak. Saknr: 161/16

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.02.2016. Det vert elles vist til søknad motteken 16.03.2016.

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for saneringsarbeida på gnr. 99, bnr. 27 og 31.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar



*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232  
53

PARADIS

Larsen og Solheim AS

**Mottakarar:**

AF Decom

Innspurten 15, 0603  
Postboks 6272  
Etterstad,

OSLO